

**MØTEPROTOKOLL**

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtedato** 03.06.2019  
**Møtetid:** Kl. 09:00 - 18:05  
**Møtestad:** Biblioteket på Bjørkheim

---

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

<b>Medlemmer møtte:</b>	<b>Parti:</b>
Bright Olav Gåsdal	A
Harald Boge	A
Olaug Karin Øystese	A
Vidar Tveiterås	A
Knut Harald Frøland	BL
Lena Tveit	BL
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	BL
Martin Haugen	BL
Solveig Vassenden	BL
Gunnar J. Bruvik	FRP
Odd Arne Haga	FRP
Arild Røen	H
Sture Tveit	H
Gunn Totland Moss	KRF
Inge Aasgaard	KRF
Øyvind Strømmen	MDG
Monica Tjønnå	SP
Øyvind Røen	SP
Jon Magne Bogevik	UAVH

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>Parti:</b>	<b>I staden møtte:</b>	<b>Parti:</b>
Nils Aadland	A	Gunn Østvik Petersen	A
Karl Bård Kollbotn	FRP	Svein Verner Røseth	FRP

**Møtenotatar:**

Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl) fekk permisjon frå kl. 15.30. Ho deltok derfor ikkje på siste del av handsaminga av sak 033, eller på handsaminga av sak 034, 035 og interpellasjonar frå Frp. Bjarte Linga (Bl) gjekk inn som varamedlem i desse sakene.

Gunn Østvik Petersen (A) fekk permisjon frå møtet frå kl. 16.20. Ho deltok derfor ikkje på siste del av handsaminga av sak 035, eller på handsaminga av interpellasjonar frå Frp.

Andre som var til stades på møtet:

- Charlotte Hageberg, rådmann
- Hilde-Lill Våge, assisterande rådmann
- Jan Erik Boge, rådgjevar
- Marianne Soleng, avdelingsleiar sørvissenteret (under sak 024 og 025)
- Trond Amland (under presentasjon av moglegheitsstudie Fossen bratte)
- Wenche Teigland, BKK (under orientering frå BKK om status tiltak for å unngå straumutfall)
- Jens Skår, BKK (under orientering frå BKK om status tiltak for å unngå straumutfall)
- Thomas Rønn-Aar, IKT Nordhordland (under sak 027)
- Lars Tveit, IKT Nordhordland (under sak 027)

Protokollmerknader:

- Kommunestyret hadde ein felles protokollmerknad i sak 024/2019. Denne merknaden er lagt inn i møteprotokollteksten om handsaminga av sak 024/2019.
- Odd Arne Haga (Frp) hadde to protokollmerknader i sak 035/2019. Desse er lagt inn i møteprotokollteksten om handsaminga av sak 035/2019.

Vedlegg til møteprotokollen:

- Grunngjevne spørsmål frå Frp inkludert svar frå rådmannen

<b>Møteleiar:</b>	Knut Harald Frøland
<b>Møtesekretær:</b>	Jan Erik Boge

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 11.06.2019

---

Knut Harald Frøland  
ordførar

---

Jan Erik Boge  
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
018/2019	19/499	Faste saker	
019/2019	19/130	Årsmelding Samnanger kommune 2018	
020/2019	19/418	Finansrapportering 1.tertial 2019	
021/2019	19/323	Godkjenning av kommunerekneskapen 2018	
022/2019	19/418	Økonomirapportering pr 1.tertial 2019	
023/2019	18/1099	Revisor for kommunen - fullmakt til kontrollutvalet om å starta prosess med konkurranseutsetjing	
024/2019	19/169	Skjenkeløyve - Milano Pizzeria - Bjørkheim	Ikkje offentleg
025/2019	19/237	Sals- og skjenkeløyve - Osteriet i Samnanger	
026/2019	18/1730	Endeleg vedtak av heilskapleg risiko- og sårbaranalyse	
027/2019	18/578	Utviding av IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap	
028/2019	19/286	Innføring av velferdsteknologi i Samnanger kommune	
029/2019	18/1787	Revisjon av delegeringsreglementet: plan- og bygningslova, tilsetjingsmynde og nivå for budsjettvedtak	
030/2019	19/427	Organisering av administrasjonen - forslag om omgjering av sektorleiarstillingar	
031/2019	19/377	Spørsmål om utkjøp av kommunal iPad for folkevalde etter valperioden 2015 - 2019	
032/2019	19/250	Revisjon av lønspolitisk plan	
033/2019	19/455	Eigedomsforvaltning - framtidig vedlikehaldsbehov og prioriteringar	
034/2019	19/418	Investeringsprosjekt 2019 Samnanger kyrkjestyre	
035/2019	18/787	Premiss budsjett og økonomiplan 2020-2023	
1	18/1157	Interpellasjonar fra Samnanger FrP	

## **SAKNR. 018/2019: Faste saker**

### **03.06.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

#### **Godkjenning av møteinnkalling og sakliste:**

Godkjent utan merknader.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) foreslo at interpellasjonane frå Frp vart handsama etter sak 035/2019 (den siste saka på saklista). Kommunestyret slutta seg til dette forslaget.

#### **Eventuelle merknader til protokollen frå førre møte:**

Ingen merknader.

#### **Orientering om moglegheitsstudie Fossen bratte:**

Orientering v/Trond Amland.

#### **Orientering frå BKK om status tiltak for å unngå straumutfall:**

Orientering v/Wenche Teigland og Jens Skår.

#### **Grunngjevne spørsmål:**

##### Grunngjevne spørsmål frå Frp

Odd Arne Haga (Frp) las opp dei grunngjevne spørsmåla. Rådmann Charlotte Hageberg las opp svara sine på spørsmåla. Dei grunngjevne spørsmåla inkludert rådmannen sine svar vart òg sendt på e-post til alle medlemmene i kommunestyret, og ligg som vedlegg til møteprotokollen.

#### **Orienteringssaker:**

Ingen saker.

#### **Utvalet sitt kvarter:**

##### Tilknytting av private til offentleg vass- og avløpssystem

Sture Tveit (H) spurde om status for dette arbeidet. Rådmann Charlotte Hageberg og assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om status.

##### Opprydding/opprensking i sanitære forhold på Ytre-Tysse

Sture Tveit (H) spurde om status for dette arbeidet. Rådmann Charlotte Hageberg og assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om status.

##### Gransking av barnevernssaker

Jon Magne Bogevik (Frp) spurde om status for arbeidet med gransking av barnevernssaker. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at det er inngått avtale med firmaet Barneadvokatene, og at arbeidet er i gang.

##### Gang- og sykkelveg til Hagabotnane

Øyvind Strømmen (Mdg) viste til kommunestyret sitt vedtak i sak 008/2017, og spurde om status for arbeidet med plan for gang- og sykkelveg mellom Hagabotnane og Steinsland. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at arbeidet med dette står i "kø" på grunn av kapasitetsutfordringar.

### Integrering av flyktningar

Solveig Vassenden (Bl) orienterte om utfordringar med å integrera flyktningar i kommunen. Ho orienterte også om at det er vanskeleg for flyktningar å få fast jobb/heilårsjobb i Samnanger.

#### **KS- 018/2019 Vedtak:**

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent. Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

## **SAKNR. 019/2019: Årsmelding Samnanger kommune 2018**

#### **03.06.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **KS- 019/2019 Vedtak:**

Årsmelding for Samnanger kommune for 2018 vert teken til orientering.

#### **23.05.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **FORM- 010/2019 Vedtak:**

Årsmelding for Samnanger kommune for 2018 vert teken til orientering.

## **SAKNR. 020/2019: Finansrapportering 1.tertial 2019**

#### **03.06.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **KS- 020/2019 Vedtak:**

Finansrapportering for 1.tertial 2019 vert tatt til etterretning. Kommunen slår saman to lån på tilsaman 10 mill kroner i Kommunalbanken med tilnærma lik attverande avdragstid. Det nye lånet vert tatt opp avdragsfritt og avdrag vert betalt årleg i samsvar med Kommunestyret sitt vedtak om evt. minimumsavdrag.

#### **23.05.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FORM- 011/2019 Vedtak:**

Finansrapportering for 1.tertial 2019 vert tatt til etterretning. Kommunen slår saman to lån på tilsaman 10 mill kroner i Kommunalbanken med tilnærma lik attverande avdragstid. Det nye lånet vert tatt opp avdragsfritt og avdrag vert betalt årleg i samsvar med Kommunestyret sitt vedtak om evt. minimumsavdrag.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Finansrapportering for 1.tertial 2019 vert tatt til etterretning. Kommunen slår saman to lån på tilsaman 10 mill kroner i Kommunalbanken med tilnærma lik attverande avdragstid. Det nye lånet vert tatt opp avdragsfritt og avdrag vert betalt årleg i samsvar med Kommunestyret sitt vedtak om evt. minimumsavdrag.

**SAKNR. 021/2019: Godkjenning av kommunerekneskapen 2018****03.06.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**KS- 021/2019 Vedtak:**

Rekneskapen for 2018 vert godkjent slik han ligg føre. Mindreforbruk (overskot) for 2018 på kr 1 260 328,45 vert sett av til disposisjonsfondet.

**23.05.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FORM- 009/2019 Vedtak:**

Rekneskapen for 2018 vert godkjent slik han ligg føre. Mindreforbruk (overskot) for 2018 på kr 1 260 328,45 vert sett av til disposisjonsfondet.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rekneskapen for 2018 vert godkjent slik han ligg føre. Mindreforbruk (overskot) for 2018 på kr 1 260 328,45 vert sett av til disposisjonsfondet.

**SAKNR. 022/2019: Økonomirapportering pr 1.tertial 2019****03.06.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**KS- 022/2019 Vedtak:**

Økonomirapportering pr 1.tertial vert tatt til etterretning og det vert gjennomført fylgjande budsjettjustering:

Redusert inntekt IMDI	Kr 280 000
Auke inntekt eigedomsskatt	Kr - 470 000
Utgift knytt til overgang IKTN	Kr 190 000
Investeringsprosjekt:	
Dråpeslottet barnehage	Kr 50 000
Bassengbygg ungdomsskulen	Kr 210 000
Liavegen	Kr 640 000
Utbetring veg Hagabakkane	Kr 300 000
Forventa unytta lånemidlar 2019	Kr - 1 200 000

Det vert ikkje kravd inn gebyr for 2.halvår på slam og septiktank for dei som betaler fire gongar pr år. Prisen for dei som betaler ein gong pr år vert redusert tilsvarende. Bruk av fond vert auka tilsvarende inntektsreduksjon.

### 23.05.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Inge Aasgaard (Krf) bad om å få gildskapen sin vurdert, på bakgrunn av at han er fungerande einingsleiar (rektor) ved Samnanger barneskule. Han gjekk frå medan formannskapet vurderte gildskapen hans. Inge Aasgaard vart samrøystes funnen gild og deltok derfor under den vidare handsaminga av saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### FORM- 012/2019 Vedtak:

Økonomirapportering pr 1.tertial vert tatt til etterretning og det vert gjennomført fylgjande budsjettjustering:

Redusert inntekt IMDI	Kr 280 000
Auke inntekt eigedomsskatt	Kr - 470 000
Utgift knytt til overgang IKTN	Kr 190 000
Investeringsprosjekt:	
Dråpeslottet barnehage	Kr 50 000
Bassengbygg ungdomsskulen	Kr 210 000
Liavegen	Kr 640 000
Utbetring veg Hagabakkane	Kr 300 000
Forventa unytta lånemidlar 2019	Kr - 1 200 000

Det vert ikkje kravd inn gebyr for 2.halvår på slam og septiktank for dei som betaler fire gongar pr år. Prisen for dei som betaler ein gong pr år vert redusert tilsvarende. Bruk av fond vert auka tilsvarende inntektsreduksjon.



**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Økonomirapportering pr 1.tertial vert tatt til etterretning og det vert gjennomført fylgjande budsjettjustering:

Redusert inntekt IMDI	Kr 280 000
Auke inntekt eigedomsskatt	Kr - 470 000
Utgift knytt til overgang IKTN Investeringsprosjekt:	Kr 190 000
Dråpeslottet barnehage	Kr 50 000
Bassengbygg ungdomsskulen	Kr 210 000
Liavegen	Kr 640 000
Utbetring veg Hagabakkane	Kr 300 000
Forventa unyttta lånemidlar 2019	Kr - 1 200 000

Det vert ikkje kravd inn gebyr for 2.halvår på slam og septiktank for dei som betaler fire gongar pr år. Prisen for dei som betaler ein gong pr år vert redusert tilsvarande. Bruk av fond vert auka tilsvarande inntektsreduksjon.

**SAKNR. 023/2019: Revisor for kommunen - fullmakt til kontrollutvalet om å starta prosess med konkurranseutsetjing****03.06.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**KS- 023/2019 Vedtak:**

Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse for kjøp av revisjonstenester.

Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2020.

Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- a. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument.
- b. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.
- c. Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

**Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse for kjøp av revisjonstenester. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2020. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- a. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument.
- b. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.
- c. Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor,

## SAKNR. 024/2019: Skjenkeløyve - Milano Pizzeria - Bjørkheim

### 03.06.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Etter framlegg frå ordførar Knut Harald Frøland (Bl) vart møtet lukka medan kommunestyret drøfta om saka skulle handsamast for lukka dører. Møtet vart opna att før kommunestyret røysta over om saka skulle handsamast for lukka dører.

Det vart samrøystes vedteke at saka skulle handsamast for lukka dører, med heimel i kommunelova §§ 31.2 og 31.4. Møtet vart så lukka att, og resten av handsaminga gjekk for lukka dører.

Fleire av medlemmene i kommunestyret stilte spørsmål om at politiet ikkje har gitt uttale i saka, til tross for purring frå kommunen. Det kom også fram under handsaminga at det ikkje er første gong dette har skjedd. Det var semje i kommunestyret om å ta dette inn ein protokollmerknad om dette.

#### Protokollmerknad:

*"Samnanger kommunestyre stiller spørsmål ved kvifor politiet ikkje har gitt uttale til søknaden frå Milano Pizzeria om skjenkeløyve."*

Etter den innleiande debatten sette Vidar Tveiterås (A) fram følgjande framlegg:

*"Saka vert utsett i påvente av politiet sin uttale".*

Utsetjingsframlegget vart vedteke med 13 mot 8 røyster.

For å utsetja saka	Imot å utsetja saka
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Lena Tveit (Bl)	Monica Tjønnå (Sp)
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	Gunn Totland Moss (Krf)
Martin Haugen (Bl)	Inge Aasgaard (Krf)
Solveig Vassenden (Bl)	Harald Boge (A)
Bright Olav Gåsdal (A)	Olaug Øystese (A)
Vidar Tveiterås (A)	Gunn Østvik Petersen (A)
Gunnar Bruvik (Frp)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Odd Arne Haga (Frp)	
Svein Røseth (Frp)	
Jon Magne Bogevik (Uavh)	
Arild Røen (H)	
Sture Tveit (H)	

### KS- 024/2019 Vedtak:

Saka vert utsett i påvente av politiet sin uttale.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknad om skjenkeløyve frå Milano Pizzeria Vaksdal Halis Celep (org. 917 124 264) vert med heimel i alkoholova §1-7b avvist.

## SAKNR. 025/2019: Sals- og skjenkeløyve - Osteriet i Samnanger

### 03.06.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg vart vedteke med 18 mot 3 røyster.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Lena Tveit (Bl)	Gunn Totland Moss (Krf)
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	Inge Aasgaard (Krf)
Martin Haugen (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Bright Olav Gåsdaal (A)	
Vidar Tveiterås (A)	
Gunn Østvik Petersen (A)	
Harald Boge (A)	
Olaug Øystese (A)	
Monica Tjønnå (Sp)	
Gunnar Bruvik (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Svein Røseth (Frp)	
Jon Magne Bogevik (Uavh)	
Arild Røen (H)	
Sture Tveit (H)	
Øyvind Strømmen (Mdg)	

### KS- 025/2019 Vedtak:

Osteriet i Samnanger (org.nr 990 701 202) v/ Bente Getz får med dette med heimel i Alkoholloven §1-6 løyve til sal av alkoholhaldig drykk til og med gruppa 1 (jf. Alkoholforskriften §1-1) i eige butikklokale på garden (Tveit 31, 5650 Tysse) i Samnanger kommune.  
Løyvet gjeld til 30.september 2020.

Osteriet i Samnanger (org.nr: 990 701 202) v/ Bente Getz får med heimel i Alkoholloven § 1-6 løyve til skjenking av alkoholhaldig drykk (gruppe 1 og 2 jf. Alkoholforskriften §1-1) på terrassen på garden i Tveit 31, 5650 Tysse.

Løyvet gjeld skjenking av alkoholhaldig drykk (gr. 1 og 2).

Skjenketid: kl. 12:00 – kl. 24:00.

Løyvet gjeld til 30.september 2020.

### 23.05.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 7 mot 2 røyster.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Lena Tveit (Bl)	Inge Aasgaard (Krf)
Nils Aadland (A)	
Harald Boge (A)	
Arild Røen (H)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Monica Tjønnå (Sp)	

**FORM- 017/2019 Vedtak:**

Osteriet i Samnanger (org.nr 990 701 202) v/ Bente Getz får med dette med heimel i Alkoholloven §1-6 løyve til sal av alkoholhaldig drykk til og med gruppa 1 (jf. Alkoholforskriften §1-1) i eige butikklokale på garden (Tveit 31, 5650 Tysse) i Samnanger kommune.

Løyvet gjeld til 30.september 2020.

Osteriet i Samnanger (org.nr: 990 701 202) v/ Bente Getz får med heimel i Alkoholloven § 1-6 løyve til skjenking av alkoholhaldig drykk (gruppe 1 og 2 jf. Alkoholforskriften §1-1) på terrassen på garden i Tveit 31, 5650 Tysse.

Løyvet gjeld skjenking av alkoholhaldig drykk (gr. 1 og 2).

Skjenketid: kl. 12:00 – kl. 24:00.

Løyvet gjeld til 30.september 2020.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Osteriet i Samnanger (org.nr 990 701 202) v/ Bente Getz får med dette med heimel i Alkoholloven §1-6 løyve til sal av alkoholhaldig drykk til og med gruppa 1 (jf. Alkoholforskriften §1-1) i eige butikklokale på garden (Tveit 31, 5650 Tysse) i Samnanger kommune.

Løyvet gjeld til 30.september 2020.

Osteriet i Samnanger (org.nr: 990 701 202) v/ Bente Getz får med heimel i Alkoholloven § 1-6 løyve til skjenking av alkoholhaldig drykk (gruppe 1 og 2 jf. Alkoholforskriften §1-1) på terrassen på garden i Tveit 31, 5650 Tysse.

Løyvet gjeld skjenking av alkoholhaldig drykk (gr. 1 og 2).

Skjenketid: kl. 12:00 – kl. 24:00.

Løyvet gjeld til 30.september 2020.

**SAKNR. 026/2019: Endeleg vedtak av heilskapleg risiko- og sårbaranalyse****03.06.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt fralmeigg vart samrøystes vedteke.

**KS- 026/2019 Vedtak:**

Med heimel i forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 vert Heilskapleg risiko- og sårbaranalyse for Samnanger kommune fastsett, med følgjande to dokument:

Heilskapleg ROS\_Revidert 23\_05\_19

Appendiks 1\_ Revidert 23\_05\_19

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 vert Heilskapleg risiko- og sårbaranalyse for Samnanger kommune fastsett, med følgjande to dokument:

Heilskapleg ROS\_Revidert 23\_05\_19

Appendiks 1\_ Revidert 23\_05\_19

## **SAKNR. 027/2019: Utviding av IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap**

### **03.06.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS- 027/2019 Vedtak:**

1. Samnanger kommune vedtar å gå inn som deltakar i IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap.
2. Samnanger kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

### **23.05.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FORM- 014/2019 Vedtak:**

1. Samnanger kommune vedtar å gå inn som deltakar i IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap.
2. Samnanger kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Samnanger kommune vedtar å gå inn som deltakar i IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap.
2. Samnanger kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

## **SAKNR. 028/2019: Innføring av velferdsteknologi i Samnanger kommune**

### **03.06.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Rådmann Charlotte Hageberg sette fram følgjande tillegg til framlegget til vedtak som står i sakspapira:

*"Det skal i 2019 ikkje vera gebyr/brukarbetaling på eLåsar for brukarar i Samnanger."*

Med dette tillegget vart rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

### **KS- 028/2019 Vedtak:**

Samnanger kommune skal med verknad frå sommaren/hausten 2019 innføra ny velferdsteknologi. Rådmannen har ansvar for dette.

Det vert løyvd 125.000 kroner til leige/kjøp av velferdsteknologi, opplæring av tilsette m.m. i 2019.

Løyvinga vert finansiert av disposisjonsfondet.

Det vert oppretta ei mellombels 50 % stilling som prosjektleiar for innføring av velferdsteknologi i Samnanger kommune, i perioden 01.09.2019 – 31.12.2020. Det vert løyvd 130.000 kroner til finansiering av lønsutgiftene for denne stillinga i 2019. Løyvinga vert finansiert av disposisjonsfondet. Lønsmidlar til stillinga i 2020 må leggjast inn i rådmannen sitt budsjettframlegg.

Det skal i 2019 ikkje vera gebyr/brukarbetaling på eLåsar for brukarar i Samnanger.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune skal med verknad frå sommaren/hausten 2019 innføra ny velferdsteknologi. Rådmannen har ansvar for dette.

Det vert løyvd 125.000 kroner til leige/kjøp av velferdsteknologi, opplæring av tilsette m.m. i 2019. Løyvinga vert finansiert av disposisjonsfondet.

Det vert oppretta ei mellombels 50 % stilling som prosjektleiar for innføring av velferdsteknologi i Samnanger kommune, i perioden 01.09.2019 – 31.12.2020. Det vert løyvd 130.000 kroner til finansiering av lønsutgiftene for denne stillinga i 2019. Løyvinga vert finansiert av disposisjonsfondet. Lønsmidlar til stillinga i 2020 må leggjast inn i rådmannen sitt budsjettframlegg.

## **SAKNR. 029/2019: Revisjon av delegeringsreglementet: plan- og bygningslova, tilsetjingsmynde og nivå for budsjettvedtak**

**03.06.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Arbeidsgruppa sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**KS- 029/2019 Vedtak:**

Arbeidsgruppa sitt framlegg til endringar i delegeringsreglementet vert vedteke.

Endringane vert iverksett som følgjer:

- Dei nye reglane om delegeringar etter plan- og bygningslova gjeld frå og med 04.06.2019.
- Dei nye reglane om tilsetjingsmynde gjeld frå og med 24.10.2019. Fram til dette gjeld dei noverande reglane i delegeringsreglementet.

Heimel for vedtaket om endringar i delegeringsreglementet er kommunelova § 39.

Driftsbudsjettet blir vedtatt på ansvarsnivå (som no).

**Arbeidsgruppa sitt framlegg til vedtak:**

Arbeidsgruppa sitt framlegg til endringar i delegeringsreglementet vert vedteke.

Endringane vert iverksett som følgjer:

- Dei nye reglane om delegeringar etter plan- og bygningslova gjeld frå og med 04.06.2019.
- Dei nye reglane om tilsetjingsmynde gjeld frå og med 24.10.2019. Fram til dette gjeld dei noverande reglane i delegeringsreglementet.

Heimel for vedtaket om endringar i delegeringsreglementet er kommunelova § 39.

Driftsbudsjettet blir vedtatt på ansvarsnivå (som no).

## **SAKNR. 030/2019: Organisering av administrasjonen - forslag om omgjerung av sektorleiarstillingar**


### **03.06.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg vart vedteke med 20 mot 1 røyst. Jon Magne Bøgevik (Uavh.) røysta imot framlegget.

### **KS- 030/2019 Vedtak:**

Samnanger kommune vert med verknad frå 01.08.2019 organisert etter følgjande modell:



Vedtaket inneber at kommunen ikkje lenger skal ha sektorleiarstillingar.

Rådmannen har ansvar for å vurdere og bestemme kva endringar i organisering/stillingar som skal gjerast som følgje av vedtaket, jf. mynde i høve personal- og organisasjonssaker som er delegert til rådmannen i kommunen sitt delegeringsreglement.


### **23.05.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FORM- 020/2019 Vedtak:**

Samnanger kommune vert med verknad frå 01.08.2019 organisert etter følgjande modell:




Vedtaket inneber at kommunen ikkje lenger skal ha sektorleiarstillingar.

Rådmannen har ansvar for å vurdera og bestemma kva endringar i organisering/stillingar som skal gjerast som følgje av vedtaket, jf. mynde i høve personal- og organisasjonssaker som er delegert til rådmannen i kommunen sitt delegeringsreglement.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune vert med verknad frå 01.08.2019 organisert etter følgjande modell:



Vedtaket inneber at kommunen ikkje lenger skal ha sektorleiarstillingar.

Rådmannen har ansvar for å vurdera og bestemma kva endringar i organisering/stillingar som skal gjerast som følgje av vedtaket, jf. mynde i høve personal- og organisasjonssaker som er delegert til rådmannen i kommunen sitt delegeringsreglement.



## **SAKNR. 031/2019: Spørsmål om utkjøp av kommunal iPad for folkevalde etter valperioden 2015 - 2019**

### **03.06.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS- 031/2019 Vedtak:**

Folkevalde i Samnanger som har kommunal iPad på utlån i dag, og som ikkje held fram som folkevalde i valperioden 2019 – 2023, får høve til å kjøpa ut iPad'en for 500 kroner når dei sluttar som folkevalde hausten 2019.

Også folkevalde som held fram i valperioden 2019 – 2023, men som ikkje vert vald som fast medlem eller 1. eller 2. varamedlem til kommunestyret eller kontrollutvalet, får høve til å kjøpa ut iPad'en for 500 kroner når den noverande valperioden er slutt i oktober 2019.

Dersom nokon folkevalde i dei to gruppene ovanfor vel å ikkje kjøpa ut iPad'en, må dei levera den tilbake til kommunen når den noverande valperioden er slutt i oktober 2019.

### **23.05.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FORM- 021/2019 Vedtak:**

Folkevalde i Samnanger som har kommunal iPad på utlån i dag, og som ikkje held fram som folkevalde i valperioden 2019 – 2023, får høve til å kjøpa ut iPad'en for 500 kroner når dei sluttar som folkevalde hausten 2019.

Også folkevalde som held fram i valperioden 2019 – 2023, men som ikkje vert vald som fast medlem eller 1. eller 2. varamedlem til kommunestyret eller kontrollutvalet, får høve til å kjøpa ut iPad'en for 500 kroner når den noverande valperioden er slutt i oktober 2019.

Dersom nokon folkevalde i dei to gruppene ovanfor vel å ikkje kjøpa ut iPad'en, må dei levera den tilbake til kommunen når den noverande valperioden er slutt i oktober 2019.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Folkevalde i Samnanger som har kommunal iPad på utlån i dag, og som ikkje held fram som folkevalde i valperioden 2019 – 2023, får høve til å kjøpa ut iPad'en for 500 kroner når dei sluttar som folkevalde hausten 2019.

Også folkevalde som held fram i valperioden 2019 – 2023, men som ikkje vert vald som fast medlem eller 1. eller 2. varamedlem til kommunestyret eller kontrollutvalet, får høve til å kjøpa ut iPad'en for 500 kroner når den noverande valperioden er slutt i oktober 2019.

Dersom nokon folkevalde i dei to gruppene ovanfor vel å ikkje kjøpa ut iPad'en, må dei levera den tilbake til kommunen når den noverande valperioden er slutt i oktober 2019.

## SAKNR. 032/2019: Revisjon av lønspolitisk plan

### 03.06.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Administrasjonsutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### KS- 032/2019 Vedtak:

Forslaget til revidert lønspolitisk plan for Samnanger kommune vert vedteke, med følgjande endringar:

#### Pkt 5.3

Dei føreslegne endringane i reglane om kva tillegg som skal vera pensjonsgjevande vert fjerna. Ekstra vaktgodtgjersle for helge- og høgtidsdagar (helge- og høgtidstillegg etter HTA kapittel 1, § 5.3) skal framleis vera pensjonsgjevane for tilsette som får heimevaktgodtgjersle utbetalt som månadleg tilleggs løn.

#### Pkt. 7.3.1

Setninga som begynner med "I Samnanger..." vert fjerna.

#### Pkt 7.3.4.1

Under generelle merknader (høgre kolonne):

Ikkje noko tak på 35.000 kroner.

Setninga som begynner med "Lønnskompensasjon..." vert endra til "Lønnskompensasjon vert normalt fastsett i forhandlingar eller ved nyttilsetjing."

#### Pkt. 7.3.6.4

*Ny tabell:*

Funksjon	LØNSKOMPENSASJON
Fag- / læremiddelansvarleg	10 000
Teamleiar	10 000
Elevrådskontakt	10.000 (berre viss sentrale føringar)
Kontaktlærer	25 000
Spes.ped.koordinator	10 000 (dersom det ikkje er avsett tidsressurs)

Den reviderte planen gjeld med verknad frå 04.06.2019.

### 16.05.2019 Administrasjonsutvalet:

Handsaming i møtet:

Etter den innleiande debatten, sette Hilde Aarvik (Utdanningsforbundet) fram følgjande framlegg:

#### Pkt. 7.3.1

*Parantes til slutt i kapittelet vert fjerna.*

*Setninga som begynner med "I Samnanger..." vert omformulert eller helst fjerna.*

#### Pkt 7.3.4.1

Under generelle merknader (høgre kolonne):

Kompetansetillegget vert regulert i tråd med sentrale lønsoppgjer.

Vurdering av relevans må gjerast FØR utdanninga er fullført.

(Ikkje noko tak på 35.000 kroner, ikkje naudsynt med forhandling med mindre det er delvis relevant tilleggskompetanse.)

Pkt 7.3.6.4

Ny tabell:

Funksjon	LØNSKOMPENSASJON
Fag- / læremiddelansvarleg	10 000
Teamleiar	10 000
Elevrådskontakt	?
Kontaktlærer	25 000
Spes.ped.koordinator	0

Administrasjonsutvalet gjekk etter dette gjennom framlegget til Hilde Aarvik, og fekk avklart nokre spørsmål. Dette gjaldt følgjande punkt:

*Pkt 7.3.1 - Lokal minstelønstige for pedagogiske leiarar i barnehage*

Her diskuterte administrasjonsutvalet om det lokale lønstillegget til pedagogiske leiarar skal utbetalast i forhold til stillingsprosenten eller uavhengig av stillingsprosenten. Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte om at administrasjonen meiner at dette lønstillegget skal utbetalast i forhold til stillingsprosenten, på same måte som i dag. Årsaka er at dette ikkje er eit funksjonstillegg, men eit tillegg som er knytt til stillinga/stillingskoden som pedagogisk leiar.

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte også om at administrasjonen ikkje har innvendingar mot at setninga i pkt. 7.3.1 som begynner med "*I Samnanger...*" vert teken vekk.

*Punkt 7.3.4 - tabell/skjematisk oversikt pkt 7.3.4 m/underpunkt*

Representantane frå administrasjonen orienterte om at det ikkje er ønskeleg at lokale lønstillegg vert regulert etter formuleringar som for eksempel "*i tråd med sentrale lønsoppgjer*". Det har tidlegare vist seg at det er vanskeleg for administrasjonen å vita korleis slike formuleringar skal forståast.

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte om at det i framlegget til revidert lønspolitisk plan allereie står at det så langt som mogleg bør avklarast på førehand om ei utdanning eller eit kurs vil gje kompetansetillegg (siste avsnitt i punkt 7.3.4.1 og 7.3.4.2).

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte om bakgrunnen for at det står i rådmannen sitt framlegg at lønskompensasjon vert fastsett i forhandlingar eller ved nyttilsetjing. Dette er mellom anna for å sikra at fagforeiningane skal ha ei rolle og moglegheit til å krevja kompetansetillegg for sine medlemmer. Han orienterte også om at praksisen har vore at i tilfelle der det er openbart at ein tilsett bør få kompetansetillegg etter å ha fullført ei utdanning, har arbeidsgjevar gitt kompetansetillegg utan forhandlingar med den tilsette si fagforeining. Administrasjonen ønskjer å halda fram med denne praksisen. Jan Erik Boge foreslo at teksten i tabellen i punkt 7.3.4 vert endra til "*Lønskompensasjon vert normalt fastsett i forhandlingar eller ved nyttilsetjing*".

*Punkt 7.3.6.4 - Funksjonstillegg for undervisningspersonalet i skulen*

Hilde Aarvik orienterte om at Utdanningsforbundet ønskjer at satsen for funksjonstillegg skal vera

10.000 kroner for alle funksjonar unnateke kontaktlærar.

Utdanningsforbundet meiner og at funksjonstillegg ikkje bør gjevast for oppgåver som den tilsette får avsett tidsressurs/stillingsprosent til, og at dette i dag vil gjelda for spes.ped.koordinator. Ho orienterte også om at Utdanningsforbundet har bedt om møte arbeidsgjevar om måten spes.ped.koordinator-tenesta er organisert på, og om kva type tids-/stillingsressurs som vert brukt til denne oppgåva.

Hilde Aarvik orienterte også om at Utdanningsforbundet meiner at elevrådskontakt bør ha eit funksjonstillegg på 10.000 kroner, men berre viss det er sentrale føringar som tilseier elevrådskontakt skal ha funksjonstillegg.

Etter denne gjennomgangen gjorde Hilde Aarvik nokre justeringar i framlegget sitt, slik at hennar endelege framlegg vart som følgjer:

*Pkt. 7.3.1*

*Setninga som begynner med "I Samnanger..." vert fjerna.*

*Pkt 7.3.4.1*

*Under generelle merknader (høgre kolonne):*

*Ikkje noko tak på 35.000 kroner.*

*Setninga som begynner med "Lønnskompensasjon..." vert endra til "Lønnskompensasjon vert normalt fastsett i forhandlingar eller ved nyttilsetjing."*

*Pkt 7.3.6.4*

*Ny tabell:*

Funksjon	LØNSKOMPENSASJON
Fag- / læremiddelansvarleg	10 000
Teamleiar	10 000
Elevrådskontakt	10.000 (berre viss sentrale føringar)
Kontaktlærar	25 000
Spes.ped.koordinator	10 000 (dersom det ikkje er avsett tidsressurs)

Heidi Gjerde (Fagforbundet) sette fram følgjande framlegg:

*Pkt. 5.3*

*Dei føreslegne endringane i reglane om kva tillegg som skal vera pensjonsgjevande vert fjerna. Ekstra vaktgodtgjersle for helge- og høgtids dagar (helge- og høgtidstillegg etter HTA kapittel 1, § 5.3) skal framleis vera pensjonsgjevane for tilsette som får heimevaktgodtgjersle utbetalt som månadleg tilleggs løn.*

Røysting:

Det vart først røysta punktvis over framlegget til Hilde Aarvik, der kvart punkt vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg:

Pkt. 7.3.1

Setninga som begynner med "I Samnanger..." vert fjerna.

Framlegget til endring i punk 7.3.1 vart vedteke med 7 mot 1 røyst. Odd Arne Haga (Frp) røysta for rådmannen sitt framlegg. Dei andre medlemmene røysta for Hilde Aarvik sitt framlegg.

Pkt 7.3.4.1

Under generelle merknader (høgre kolonne):

Ikkje noko tak på 35.000 kroner.

Setninga som begynner med "Lønnskompensasjon..." vert endra til "Lønnskompensasjon vert normalt fastsett i forhandlingar eller ved nyttilsetjing."

Framlegget til endring i punkt 7.3.4.1 vart vedteke med 7 mot 1 røyst. Odd Arne Haga (Frp) røysta for rådmannen sitt framlegg. Dei andre medlemmene røysta for Hilde Aarvik sitt framlegg.

Pkt. 7.3.6.4

Ny tabell:

Funksjon	LØNSKOMPENSASJON
Fag- / læremiddelansvarleg	10 000
Teamleiar	10 000
Elevrådskontakt	10.000 (berre viss sentrale føringar)
Kontaktlærar	25 000
Spes.ped.koordinator	10 000 (dersom det ikkje er avsett tidsressurs)

Framlegget til endring i punkt 7.3.4.6 vart vedteke med 6 mot 2 røyser. Knut Harald Frøland (Bl) og Odd Arne Haga (Frp) røysta for rådmannen sitt framlegg. Dei andre medlemmene røysta for Hilde Aarvik sitt framlegg.

Det vart så røysta over Heidi Gjerde sitt framlegg til endring i punkt 5.3, som vart vedteke med 7 mot 1 røyst. Knut Harald Frøland (Bl) røysta for rådmannen sitt framlegg. Dei andre medlemmene røysta for Heidi Gjerde sitt framlegg.

Det vart til slutt røysta over heile rådmannen sitt framlegg, med endringane ovanfor. Med desse endringane vart rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

**ADM- 008/2019 Vedtak:**

Forslaget til revidert lønspolitisk plan for Samnanger kommune vert vedteke, med følgjande endringar:

Pkt 5.3

Dei føreslegne endringane i reglane om kva tillegg som skal vera pensjonsgjevande vert fjerna. Ekstra vaktgodtgjersle for helge- og høgtidsdagar (helge- og høgtidstillegg etter HTA kapittel 1, § 5.3) skal framleis vera pensjonsgjevane for tilsette som får heimevaktgodtgjersle utbetalt som månadleg tilleggsløn.

Pkt. 7.3.1

Setninga som begynner med "I Samnanger..." vert fjerna.

#### Pkt 7.3.4.1

Under generelle merknader (høgre kolonne):

Ikkje noko tak på 35.000 kroner.

Setninga som begynner med "Lønnskompensasjon..." vert endra til "Lønnskompensasjon vert normalt fastsett i forhandlingar eller ved nyttilsetjing."

#### Pkt. 7.3.6.4

Ny tabell:

Funksjon	LØNSKOMPENSASJON
Fag- / læremiddelansvarleg	10 000
Teamleiar	10 000
Elevrådskontakt	10.000 (berre viss sentrale føringar)
Kontaktlærar	25 000
Spes.ped.koordinator	10 000 (dersom det ikkje er avsett tidsressurs)

Den reviderte planen gjeld med verknad frå 04.06.2019.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Forslaget til revidert lønspolitisk plan for Samnanger kommune vert vedteke. Den reviderte planen gjeld med verknad frå 04.06.2019.

## **SAKNR. 033/2019: Eigeomsforvaltning - framtidig vedlikehaldsbehov og prioriteringar**

### **03.06.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnå (Sp) sette fram følgjande framlegg, på vegner av Sp:

*"-Det må utgreiast alternativ til utbetring av eksisterande kommunehus. Eksisterande bygningsmasse i kommunen må prioriterast, framfor nybygg.*

*-Utarbeida romprogram for 1-10 skule og felles barnehage. Dette skal vera grunnlaget for framtidig skule og barnehagestruktur.*

*- Kartleggja behovet for omsorgsbustader, særskilt for eldre, psykiatriklientar og demente. Behovet for sjukeheimplassar i 95-bygget må og vurderast*

*-Kartleggja romprogram for helsetunet der tenester som går under helse vert samla.*

*-Starta planlegging for utviding av kyrkjegarden .*

*-Auka ramma til vedlikehaldsbudsjettet med 1 million kroner."*

Øyvind Strømmen (Mdg) sette fram følgjande framlegg:

*"Statusrapport for eigeomsforvaltninga i Samnanger kommune sitt framtidige vedlikehaldsbehov vert teken til orientering. I det vidare arbeidet får rådmannen mandat til å utarbeide følgjande grunnlag til budsjett/økonomiplan 2020-23:*

- auka ramma til vedlikehaldsbudsjettet med 1 million kroner*
- romprogram for 1-10 skule*

- *kartleggja og utarbeida behovet for omsorgsbustader, særskilt for eldre, psykiatripasientar og demente, og behovet for sjukeheimplassar i 95-bygget*
- *starta planlegging for utviding av kyrkjegarden*
- *kartleggja romprogram for helsetunet der tenester som går under helse vert samla.*
- *utarbeida romprogram for kommunehus, med vurdering av både samla og delt plassering, inkludert bruk av eksisterande bygg."*

Øyvind Røen (Sp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet fekk Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl) permisjon frå møtet. Bjarne Linga (Bl) gjekk inn som varamedlem for ho i resten av møtet.

Øyvind Strømmen sette fram følgjande reviderte framlegg, på vegner av Mdg:  
*"Statusrapport for eigedomsforvaltninga i Samnanger kommune sitt framtidige vedlikehaldsbehov vert teken til orientering. I det vidare arbeidet får rådmannen mandat til å utarbeida følgjande grunnlag til budsjett/økonomiplan 2020-23:*

- *auka ramma til vedlikehaldsbudsjettet med 1 million kroner*
- *utarbeida romprogram for 1-10 skule*
- *kartleggja og utarbeida behovet for omsorgsbustader, særskilt for eldre, psykiatripasientar og demente, og behovet for sjukeheimplassar i 95-bygget*
- *starta planlegging for utviding av kyrkjegarden*
- *kartleggja romprogram for helsetunet der tenester som går under helse vert samla.*
- *utarbeida romprogram for kommunehus, med vurdering av både samla og delt plassering, inkludert bruk av eksisterande bygg*
- *utarbeida romprogram for brannstasjon"*

Øyvind Strømmen orienterte om at han hadde fått signal i gruppemøtet om at også andre parti/lister ønskte å slutta seg til framlegget hans, men at han ikkje hadde oversikt over kven som ville gjera dette. Han orienterte om at han ikkje hadde problem med at dei som ønska å slutta seg til framlegget fekk høve til å gjera dette, og at det vart protokollført at også desse var forslagsstillarar.

Øyvind Røen orienterte om at Sp ønskte å stilla seg bak og vera med som forslagsstillarar på framlegget til Øyvind Strømmen. Han orienterte også om at Sp som følgje av dette trekte framlegget dei hadde sett fram tidlegare under handsaminga av saka.

Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at Bl ønskte å stilla seg bak framlegget til Øyvind Strømmen.

Arild Røen (H) orienterte om at H, A og Krf stilte seg bak framlegget til Øyvind Strømmen.

I røytinga vart framlegget til formannskapet sett opp mot framlegget til Mdg, Sp, H, A og Krf. Framlegget til Mdg, Sp, H, A og Krf vart samrøystes vedteke.

#### **KS- 033/2019 Vedtak:**

Statusrapport for eigedomsforvaltninga i Samnanger kommune sitt framtidige vedlikehaldsbehov vert teken til orientering. I det vidare arbeidet får rådmannen mandat til å utarbeida følgjande grunnlag til budsjett/økonomiplan 2020-23:

- auka ramma til vedlikehaldsbudsjettet med 1 million kroner
- utarbeida romprogram for 1-10 skule

- kartleggja og utarbeida behovet for omsorgsbustader, særskilt for eldre, psykiatripasientar og demente, og behovet for sjukeheimsplassar i 95-bygget
- starta planlegging for utviding av kyrkjegarden
- kartleggja romprogram for helsetunet der tenester som går under helse vert samla.
- utarbeida romprogram for kommunehus, med vurdering av både samla og delt plassering, inkludert bruk av eksisterande bygg
- utarbeida romprogram for brannstasjon.

### 23.05.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Innleiingsvis orienterte einingsleiar teknisk drift Nils Jonny Skar kort om rapporten som er utarbeidd. Han svara også på spørsmål frå formannskapet under debatten.

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at det står eit feil årstal i rådmannen sitt framlegg til vedtak (2020-24), og at rett årstal skal vera 2020-23.

Under debatten orienterte rådmann Charlotte Hageberg om at det også vil verta sett på alternativ til bygging av nytt kommunehus.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 7 mot 2 røyster.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Odd Arne Haga (Frp)
Lena Tveit (Bl)	Monica Tjønnå (Sp)
Nils Aadland (A)	
Harald Boge (A)	
Arild Røen (H)	
Øyvind Røen (Sp)	
Inge Aasgaard (Krf)	

### FORM- 019/2019 Vedtak:

Statusrapport for eigedomsforvaltninga i Samnanger kommune sitt framtidige vedlikehaldsbehov vert teken til orientering.

I det vidare arbeidet får rådmannen mandat til å utarbeide følgjande grunnlag til budsjett/økonomiplan 2020-23:

- utarbeide romprogram for nytt kommunehus og vurdere dette i samband med tettstadutvikling av Bjørkheim.
- utarbeide romprogram for 1-10 skule og felles barnehage. Dette skal vera grunnlaget for framtidig skule og barnehage struktur.
- kartlegge og utarbeid behovet for omsorgsbustader, særskilt eldre og psykiatriklientar, og behovet for sjukeheimsplassar i 95-bygget.
- kartlegge romprogram for helsetunet der tenester som går under helse vert samla.
- starte planlegging for utviding av kyrkjegarden
- auke ramma til vedlikehaldsbudsjettet med 1 million kroner.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Statusrapport for eigedomsforvaltninga i Samnanger kommune sitt framtidige vedlikehaldsbehov vert teken til orientering.

I det vidare arbeidet får rådmannen mandat til å utarbeide følgjande grunnlag til



budsjett/økonomiplan 2020-24:

- utarbeide romprogram for nytt kommunehus og vurdere dette i samband med tettstadutvikling av Bjørkheim.
- utarbeide romprogram for 1-10 skule og felles barnehage. Dette skal vera grunnlaget for framtidig skule og barnehage struktur.
- kartlegge og utarbeid behovet for omsorgsbustader, særskilt eldre og psykiatriklientar, og behovet for sjukeheimsplassar i 95-bygget.
- kartlegge romprogram for helsetunet der tenester som går under helse vert samla.
- starte planlegging for utviding av kyrkjegarden
- auke ramma til vedlikehaldsbudsjettet med 1 million kroner.

## **SAKNR. 034/2019: Investeringsprosjekt 2019 Samnanger kyrkjestyre**

### **03.06.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS- 034/2019 Vedtak:**

Det vert løyvd kr 700 000 til Samnanger kyrkjestyre til investeringsprosjekt. Prosjekta som skal prioriterast i 2019 er straumstyring i Haga kyrkje, universelt utforma toalett ved Ådland kyrkje og nytt sikringsanlegg m/ straumstyringsanlegg i Ådland kyrkje. Finansiering vert forventa unytta lånemidlar.

### **23.05.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

(Denne saka vart handsama mellom sak 021/2019 og 022/2019).

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FORM- 013/2019 Vedtak:**

Det vert løyvd kr 700 000 til Samnanger kyrkjestyre til investeringsprosjekt. Prosjekta som skal prioriterast i 2019 er straumstyring i Haga kyrkje, universelt utforma toalett ved Ådland kyrkje og nytt sikringsanlegg m/ straumstyringsanlegg i Ådland kyrkje. Finansiering vert forventa unytta lånemidlar.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert løyvd kr 700 000 til Samnanger kyrkjestyre til investeringsprosjekt. Prosjekta som skal prioriterast i 2019 er straumstyring i Haga kyrkje, universelt utforma toalett ved Ådland kyrkje og nytt sikringsanlegg m/ straumstyringsanlegg i Ådland kyrkje. Finansiering vert forventa unytta lånemidlar.

## **SAKNR. 035/2019: Premiss budsjett og økonomiplan 2020-2023**

### **03.06.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (Mdg) sette fram følgjande endringsframlegg (på kulepunkt 4):

*«Budsjettet og økonomiplanen skal styra mot eit mål om klimanøytralitet innan 2030. Det skal utarbeidast ein konkret plan på kva klimatiltak Samnanger kommune skal prioritera i 2020, med*

*finansiering frå klimafondet. Det skal også sjåast på klimatiltak utover dette, eventuelt ny avsetjing til klimafondet».*

Gunn Østvik Petersen (A) fekk permisjon frå møtet frå kl. 16.20. Ho deltok derfor ikkje under siste del av handsaminga og røystinga i saka.

Det var eitt gruppemøte under handsaminga av saka.

Etter gruppemøtet sette Monica Tjønnna (Sp) fram følgjande framlegg til nytt kulepunkt 6, på vegner av Sp og Bl:

*"-Det må gjerast ein mogelegheitsstudie for Bjørkheimsområdet. Her skal ein vurdere ny næringsverksemd og forskjønning av området. Midlar skal hentast frå disposisjonsfondet, inntil kr 250.000.*

*- siste punkt strykas grunna tidligare vedtak."*

Harald Boge (A) sette fram følgjande framlegg til nytt kulepunkt 5:

*"Det vert sett i gang ein mulighetsstudie i oppvekstsektoren angående 1-10 skule, fleirbrukshall/ idrettshall og løysing angående symjehall. Dette vert finansiert av midlar som allereie er gitt frå fylkeskommunen, kr 500.000."*

Odd Arne Haga (Frp) sette fram følgjande framlegg:

*"Saken blir utsatt til oppgradering av kommunehus og ungdomsskule er utredet."*

Det vart først røysta over utsetjingsframlegget frå Odd Arne Haga. 5 røysta for og 15 røysta imot dette framlegget.

<b>For å utsetja saka</b>	<b>Imot å utsetja saka</b>
Gunnar Bruvik (Frp)	Knut Harald Frøland (Bl)
Odd Arne Haga (Frp)	Lena Tveit (Bl)
Svein Røseth (Frp)	Martin Haugen (Bl)
Vidar Tveiterås (A)	Solveig Vassenden (Bl)
Jon Magne Bogevik (Uavh)	Bjarte Linga (Bl)
	Øyvind Røen (Sp)
	Monica Tjønnna (Sp)
	Gunn Totland Moss (Krf)
	Inge Aasgaard (Krf)
	Arild Røen (H)
	Sture Tveit (H)
	Bright Olav Gåsdal (A)
	Harald Boge (A)
	Olaug Øystese (A)
	Øyvind trømmen (Mdg)

Det vart etter dette røysta punktvis i saka.

1. Røysting om det første kulepunktet i formannskapet si framlegg.

Framlegget vart vedteke med 13 mot 7 røyster.

For formannskapet sitt framlegg	Imot formannskapet sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Arild Røen (H)
Lena Tveit (Bl)	Sture Tveit (H)
Martin Haugen (Bl)	Bright Olav Gåsdal (A)
Solveig Vassenden (Bl)	Vidar Tveiterås (A)
Bjarte Linga (Bl)	Olaug Øystese (A)
Harald Boge (A)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Øyvind Røen (Sp)	Jon Magne Bogevik (Uavh)
Monica Tjønnna (Sp)	
Gunnar Bruvik (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Svein Røseth (Frp)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Inge Aasgaard (Krf)	

2. Røysting om det andre kulepunktet i formannskapet sitt framlegg.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

3. Røysting om det tredje kulepunktet i formannskapet sitt framlegg.

Framlegget vart vedteke med 19 mot 1 røyst. Bright Olav Gåsdal (A) røysta imot framlegget.

4. Det fjerde kulepunktet i formannskapet sitt framlegg vart sett opp mot framlegget frå Øyvind Strømmen.

Formannskapet sitt framlegg fekk 12 røyster og vart vedteke. Øyvind Strømmen sitt framlegg fekk 8 røyster.

For formannskapet sitt framlegg	For Øyvind Strømmen sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Lena Tveit (Bl)	Arild Røen (H)
Martin Haugen (Bl)	Sture Tveit (H)
Solveig Vassenden (Bl)	Bright Olav Gåsdal (A)
Bjarte Linga (Bl)	Harald Boge (A)
Øyvind Røen (Sp)	Olaug Øystese (A)
Monica Tjønnna (Sp)	Jon Magne Bogevik (Uavh)
Gunnar Bruvik (Frp)	Inge Aasgaard (Krf)
Odd Arne Haga (Frp)	
Svein Røseth (Frp)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Vidar Tveiterås (A)	

Protokolltilførsel:

Odd Arne Haga bad om å få ein protokollmerknad om at det ikkje var høve til å røysta imot begge framlegga.

5. Det femte kulepunktet i formannskapet sitt framlegg vart sett opp mot framlegget frå Harald Boge.

Begge framlegga fekk 10 røyster. På grunn av at ordføraren røysta for formannskapet sitt framlegg, vart dette framlegget vedteke (med ordføraren si "dobbelrøyst").

<b>For formannskapet sitt framlegg</b>	<b>For Harald Boge sitt framlegg</b>
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Lena Tveit (Bl)	Arild Røen (H)
Martin Haugen (Bl)	Sture Tveit (H)
Solveig Vassenden (Bl)	Bright Olav Gåsdal (A)
Bjarte Linga (Bl)	Vidar Tveiterås (A)
Øyvind Røen (Sp)	Harald Boge (A)
Monica Tjønnå (Sp)	Olaug Øystese (A)
Gunnar Bruvik (Frp)	Jon Magne Bogevik (Uavh)
Odd Arne Haga (Frp)	Inge Aasgaard (Krf)
Svein Røseth (Frp)	Gunn Totland Moss (Krf)

Protokollmerknad:

Odd Arne Haga bad om å få ein protokollmerknad om at det ikkje var høve til å røysta imot begge framlegga.

6. Det sjette kulepunktet i formannskapet sitt framlegg vart sett opp mot framlegget frå Sp og Bl.

Framlegget frå Sp og Bl fekk 15 røyster og vart vedteke. Formannskapet sitt framlegg fekk 5 røyster.

<b>For Sp og Bl sitt framlegg</b>	<b>For formannskapet sitt framlegg</b>
Knut Harald Frøland (Bl)	Arild Røen (H)
Lena Tveit (Bl)	Sture Tveit (H)
Martin Haugen (Bl)	Bright Olav Gåsdal (A)
Solveig Vassenden (Bl)	Olaug Øystese (A)
Bjarte Linga (Bl)	Jon Magne Bogevik (Uavh)
Øyvind Røen (Sp)	
Monica Tjønnå (Sp)	
Gunnar Bruvik (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Svein Røseth (Frp)	
Øyvind Strømmen (Mdg)	
Harald Boge (A)	
Vidar Tveiterås (A)	
Inge Aasgaard (Krf)	
Gunn Totland Moss (Krf)	

7. Det sjuande kulepunktet i formannskapet sitt framlegg vart sett opp mot framlegget frå Sp og Bl om å stryka dette punktet.

Framlegget frå Sp og Bl fekk 19 røyster og vart vedteke. Formannskapet sitt framlegg fekk 1 røyst. Arild Røen (H) røysta for formannskapet sitt framlegg.

### KS- 035/2019 Vedtak:

- Det skal i 2020-budsjettet vera ei avsetjing på 3,9 millionar kroner til disposisjonsfondet, i tillegg til eit netto resultatkrav på 1,75%.
- Det blir sett av 100.000 til vedlikehald for kyrkjestyret. Dette skal vera ein fast årleg sum som er øyremerkt til vedlikehald av bygningsmasse/eigedom.
- I budsjettarbeidet for 2020 skal ein leggja til grunn kostnadsnivå for 2019, og berre indeksjustera for auka lønskostnader. Dette gjeld også for kyrkja og kontrollutvalet/revisjonen.
- Det skal utarbeidast ein konkret plan på kva klimatiltak Samnanger kommune skal bruka pengar på i 2020. Midlar skal hentast frå klimafondet, kr 150.000,-
- Det må utgreiast ein heilheitleg plan på oppvekstsektoren, der 1-10 skule, sammanslåing av barnehagane og fleirbrukshall/idrettshall skal sjåast på under eitt. Dette vert finansiert av midlar som allereie er gitt frå fylkeskommunen, kr 500.000,-
- Det må gjerast ein moglegeheitsstudie for Bjørkheimsområdet. Her skal ein vurdere ny næringsverksemd og forskjønning av området. Midlar skal hentast frå disposisjonsfondet, inntil kr 250.000.

### 23.05.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Inge Aasgaard (Krf) bad om å få gildskaper sin vurdert, på bakgrunn av at han er fungerande einingsleiar (rektor) ved Samnanger barneskule. Han gjekk frå medan formannskapet vurderte gildskaper hans. Inge Aasgaard vart samrøystes funnen gild og deltok derfor under den vidare handsaminga av saka.

Innleiingsvis orienterte kyrkjevener Britt Haukanes om kyrkjestyret sitt framlegg til premissar for budsjett 2020.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om informasjon han hadde fått på e-post frå leiaren i kontrollutvalet.

Etter den innleiande debatten bad Monica Tjønnå (Sp) om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Monica Tjønnå (Sp) fram følgjande endringsframlegg:

- *"Det første punktet i rådmannen sitt framlegg vert endra til: Avsetjing på 3,730 millionar. (Administrasjonen får fullmakt til å justera resultatkravet tilsvarande).*
- *Nytt punkt: 270.000 kroner vert bevilga til kyrkjestyret."*

Etter at ordføraren og rådmannen hadde orientert om at redusert avsetjing til disposisjonsfondet ikkje vil ha påverknad på resultatkravet, trekte Monica Tjønnå setninga i framlegget sitt om at administrasjonen får fullmakt til å justera resultatkravet tilsvarande.

Knut Harald Frøland bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Knut Harald Frøland fram følgjande endringsframlegg:

- *"Det blir sett av 100.000 til vedlikehald for kyrkjestyret. Dette skal vera ein fast årleg sum som er øyremerkt til vedlikehald av bygningsmasse/eigedom.*
- *Avsetjinga til disposisjonsfondet vert redusert til 3,9 millionar kroner."*

Det vart røysta punktvis i saka.

1. Røysting om endringsframlegg/tilleggspunkt frå Monica Tjønnna.

4 medlemmer røysta for framlegget og 5 røysta imot.

For	Imot
Monica Tjønnna (Sp)	Knut Harald Frøland (Bl)
Øyvind Røen (Sp)	Lena Tveit (Bl)
Inge Aasgaard (Krf)	Arild Røen (H)
Odd Arne Haga (Frp)	Nils Aadland (A)
	Harald Boge (A)

2. Røysting om første del av framlegget frå Knut Harald Frøland - løying på 100.000 kroner til vedlikehald for kyrkjestyret.

8 medlemmer røysta for framlegget og 1 røysta imot.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Nils Aadland (A)
Lena Tveit (Bl)	
Arild Røen (H)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Harald Boge (A)	
Monica Tjønnna (Sp)	
Øyvind Røen (Sp)	
Inge Aasgaard (Krf)	

3. Røysting om punkt 6 (det siste punktet) i rådmannen sitt framlegg:

- *"Rapporten om eigeomsforvaltning og bygg i Samnanger kommune bør gjennomgåast. Her må vurdering av sal av kommunale bygg takast konkret stilling til."*

Dette punktet vart samrøystes vedteke.

4. Røysting om punkt 5 (det nest siste) punktet i rådmannen sitt framlegg:

- *"Det må utgreiast ein plan for utvikling av Bjørkheimsområdet, som blant anna skal innehalda forslag til ny symjehall, lokale til kommunehus og næringsverksemd. Midlar skal hentast frå disposisjonsfondet, kr 250.000,-"*

Dette punktet vart vedteke med 7 mot 2 røyster.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Monica Tjønnna (Sp)
Lena Tveit (Bl)	Odd Arne Haga (Frp)
Arild Røen (H)	
Nils Aadland (A)	
Harald Boge (A)	
Øyvind Røen (Sp)	
Inge Aasgaard (Krf)	

5. Røysting om punkt 4 (det tredje siste punktet) i rådmannen sitt framlegg:

- *"Det må utgreiast ein heilheitleg plan på oppvekstsektoren, der 1-10 skule, sammanslåing av barnehagane og fleirbrukshall/idrettshall skal sjåast på under eitt. Dette vert finansiert av midlar som allereie er gitt frå fylkeskommunen, kr 500.000,-"*

Dette punktet vart vedteke med 8 mot 1 røyst.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Odd Arne Haga (Frp)
Lena Tveit (Bl)	
Arild Røen (H)	
Nils Aadland (A)	
Harald Boge (A)	
Øyvind Røen (Sp)	
Inge Aasgaard (Krf)	
Monica Tjønnå (Sp)	

6. Røysting om punkt 3 (det fjerde siste punktet) i rådmannen sitt framlegg:

- *"Det skal utarbeidast ein konkret plan på kva klimatiltak Samnanger kommune skal bruka pengar på i 2020. Midlar skal hentast frå klimafondet, kr 150.000,-"*

Dette punktet vart vedteke med 8 mot 1 røyst.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Odd Arne Haga (Frp)
Lena Tveit (Bl)	
Arild Røen (H)	
Nils Aadland (A)	
Harald Boge (A)	
Øyvind Røen (Sp)	
Inge Aasgaard (Krf)	
Monica Tjønnå (Sp)	

7. Røysting om framlegget frå Knut Harald Frøland om å redusera avsetjinga til disposisjonsfondet i 2020 til 3,9 millionar kroner.

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **FORM- 022/2019 Vedtak:**

- Det skal i 2020-budsjettet vera ei avsetjing på 3,9 millionar kroner til disposisjonsfondet, i tillegg til eit netto resultatkrav på 1,75%.
- Det blir sett av 100.000 til vedlikehald for kyrkjestyret. Dette skal vera ein fast årleg sum som er øyremerkt til vedlikehald av bygningsmasse/eigedom.
- I budsjettarbeidet for 2020 skal ein leggja til grunn kostnadsnivå for 2019, og berre indeksjustera for auka lønskostnader. Dette gjeld også for kyrkja og kontrollutvalet/revisjonen.
- Det skal utarbeidast ein konkret plan på kva klimatiltak Samnanger kommune skal bruka pengar på i 2020. Midlar skal hentast frå klimafondet, kr 150.000,-
- Det må utgreiast ein heilheitleg plan på oppvekstsektoren, der 1-10 skule, sammanslåing av barnehagane og fleirbrukshall/idrettshall skal sjåast på under eitt. Dette vert finansiert av midlar som allereie er gitt frå fylkeskommunen, kr 500.000,-
- Det må utgreiast ein plan for utvikling av Bjørkheimsområdet, som blant anna skal innehalda forslag til ny symjehall, lokale til kommunehus og næringsverksemd. Midlar skal hentast frå disposisjonsfondet, kr 250.000,-
- Rapporten om eigedomsforvaltning og bygg i Samnanger kommune bør gjennomgåast. Her må vurdering av sal av kommunale bygg takast konkret stilling til.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Det skal i 2020-budsjettet vera ei avsetjing på 4 millionar kroner til disposisjonsfondet, i tillegg til eit netto resultatkrav på 1,75%.
- I budsjettarbeidet for 2020 skal ein leggja til grunn kostnadsnivå for 2019, og berre indeksjustera for auka lønskostnader. Dette gjeld også for kyrkja og kontrollutvalet/revisjonen.
- Det skal utarbeidast ein konkret plan på kva klimatiltak Samnanger kommune skal bruka pengar på i 2020. Midlar skal hentast frå klimafondet, kr 150.000,-
- Det må utgreiast ein heilheitleg plan på oppvekstsektoren, der 1-10 skule, sammanslåing av barnehagane og fleirbrukshall/idrettshall skal sjåast på under eitt. Dette vert finansiert av midlar som allereie er gitt frå fylkeskommunen, kr 500.000,-
- Det må utgreiast ein plan for utvikling av Bjørkheimsområdet, som blant anna skal innehalda forslag til ny symjehall, lokale til kommunehus og næringsverksemd. Midlar skal hentast frå disposisjonsfondet, kr 250.000,-
- Rapporten om eigedomsforvaltning og bygg i Samnanger kommune bør gjennomgåast. Her må vurdering av sal av kommunale bygg takast konkret stilling til.

## SAKNR. 1: Interpellasjoner fra Samnanger FrP

### 03.06.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) foreslo innleiingsvis at begge interpellasjonane frå Frp vart handsama som ein interpellasjon. Dette var etter ønskje frå Frp. Kommunestyret gav tilslutning til dette forslaget.

Gunn Totland Moss (Krf) hadde før kommunestyremøtet meldt inn spørsmål om gildskapen sin i denne saka, fordi ho har ein eigedom i Nyutløtrævegen. Ho gjekk frå medan kommunestyret vurderte gildskapen hennar, men informerte etter spørsmål frå Vidar Tveiterås (A) om at ho ikkje kjenner seg ugild i saka. Gunn Totland Moss vart funnen gild med 17 mot 2 røyster, og deltok derfor i resten av handsaminga av interpellasjonen.

Gild	Ugild
Knut Harald Frøland (Bl)	Olaug Øystese (A)
Lena Tveit (Bl)	Jon Magne Bøgevik (Uavh)
Martin Haugen (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Bjarte Linga (Bl)	
Bright Olav Gåsdal (A)	
Vidar Tveiterås (A)	
Harald Bøge (A)	
Øyvind Røen (Sp)	
Monica Tjønnå (Sp)	
Gunnar Bruvik (Frp)	



Odd Arne Haga (Frp)	
Svein Røseth (Frp)	
Arild Røen (H)	
Sture Tveit (H)	
Øyvind Strømmen (Mdg)	
Inge Aasgaard (Krf)	

Odd Arne Haga (Frp) las opp interpellasjonen.

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg til vedak:

*"Våren 2019 har ei tverrpolitisk gruppe hatt fleire møter for å drøte mogelege nye løysingar for privatisering av vegar i Samnanger kommune. Drøftingane har foregått i ein god tone, noko som har ein verdi seg sjølv. Privatisering av vegar må sjåast i ein større samanheng og den viser at gevinsten Samnanger kommune oppnår med å privatisere vegar ikkje står i forhold til innsatsen. Det kostar mykje å gjennomføre, det skaper mykje støy blant innbyggjarane, innsparingane vil vera låge og me oppnår svært lite med tanke på rettferd. På dette grunnlaget blir sak med å privatisere vegar avslutta. Som del av avslutninga skal Nyutlørtrævegen igjen vere kommunal veg og administrasjonen får i oppdrag å vurdere kritiske naudsynte tiltak på vegen.*

*Dersom kommunen skal forsøkje å spare pengar på veghold bør ein vurdere om det for enkelte vegstrekningar er mogeleg å senke standard for vintervegholdet. Det bør og vurderast om private kan ta ein større del av vintervegholdet. Det bør i tillegg vurderast alternative løysingar til dagens praksis med leige av driftslokaler hos BKK på Frøland."*

Øyvind Røen (Sp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Arild Røen (H) fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Saka skal opp som eiga sak i neste kommunestyret basert på innstillinga frå vegnemda som vart nedsett av kommunestyret."*

Odd Arne Haga orienterte om at han trekte interpellasjonen frå Frp, og at han støttar framlegget til Knut Harald Frøland.

I røystinga vart framlegget til Knut Harald Frøland sett opp mot framlegget til Arild Røen. Framlegget til Knut Harald Frøland fekk 11 røyster og vart vedteke. Framlegget til Arild Røen fekk 9 røyster.

<b>For Knut Harald Frøland sitt framlegg</b>	<b>For Arild Røen sitt framlegg</b>
Knut Harald Frøland (Bl)	Inge Aasgaard (Krf)
Lena Tveit (Bl)	Arild Røen (H)
Martin Haugen (Bl)	Sture Tveit (H)
Solveig Vassenden (Bl)	Bright Olav Gåsdal (A)
Bjarte Linga (Bl)	Harald Boge (A)
Øyvind Røen (Sp)	Olaug Øystese (A)
Monica Tjønnå (Sp)	Vidar Tveiterås (A)
Gunn Totland Moss (Krf)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Gunnar Bruvik (Frp)	Jon Magne Bogevik (Uavh)
Odd Arne Haga (Frp)	
Svein Røseth (Frp)	

**KS- 1 Vedtak:**

*Våren 2019 har ei tverrpollitisk gruppe hatt fleire møter for å drøte mogelege nye løysingar for privatisering av vegar i Samnanger kommune. Drøftingane har foregått i ein god tone, noko som har ein verdi seg sjølv. Privatisering av vegar må sjåast i ein større samanheng og den viser at gevinsten Samnanger kommune oppnår med å privatisere vegar ikkje står i forhold til innsatsen. Det kostar mykje å gjennomføre, det skaper mykje støy blant innbyggjarane, innsparingane vil vera låge og me oppnår svært lite med tanke på rettferd. På dette grunnlaget blir sak med å privatisere vegar avslutta. Som del av avslutninga skal Nyutlørtrævegen igjen vere kommunal veg og administrasjonen får i oppdrag å vurdere kritiske naudsynte tiltak på vegen.*

Dersom kommunen skal forsøkje å spare pengar på veghold bør ein vurdere om det for enkelte vegstrekningar er mogeleg å senke standard for vinterveggholdet. Det bør og vurderast om private kan ta ein større del av vinterveggholdet. Det bør i tillegg vurderast alternative løysingar til dagens praksis med leige av driftslokaler hos BKK på Frøland.